



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansane

Dykkar ref

Vår ref

Dato

Høyringsbrev

Høyring – forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogaure i sjøvatn 2009

1. INNLEIING

Fiskeri- og kystdepartementet vil lyse ut 65 løyve til havbruk med laks og aure i 2009. Fem av løyva er øyremarka økologisk oppdrett. Vedlagt (././) er utkast til ny forskrift og merknader om tildeling av løyve.

Kort fortalt omhandlar høyringsbrevet følgjande:

- Tildelinga av løyva skal skje mot fast vederlag
- Fylkesvis fordeling av løyva
- Søknadsprosessen – medrekna konsultasjon med fylkeskommunane
- Kriteria for tildeling

Frist for merknader er sett til **16. februar 2009**. Fråsegnene skal sendast til Fiskeri- og kystdepartementet PB 8118 Dep, 0032 Oslo eller per e-post til postmottak@fkf.dep.no.

Liste over adressatane er vedlagt. Vi ber om at instansane sjølve legg høyringsbrevet fram for eventuelt interesserte underliggende etatar og organ.

2. BAKGRUNN

Løyve til havbruk med laks og aure blir tildelte gjennom tildelingsrundar. Det vil seie at ei avgrensa mengde løyve blir utlyste på bestemte kriterium. I "Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring", som vart lagt fram i august 2007, gjorde regjeringa det kjent at det skulle leggjast opp til ein ny tildelingsrunde for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2007-2008).

Regjeringa la i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2008-2009) fram opplegget for tildelingsrunden i 2009. Tildelingsrunden har som mål å leggje til rette for vekst i havbruksnæringa, og gjennom det styrkje konkurransekrafta og verdiskapinga i laksenæringa langs kysten. Havbruksnæringa i Noreg er samansett av aktørar med ulik storleik og eigarstruktur. Det er ein styrke at havbruksnæringa har ein differensiert struktur med både små og mellomstore aktørar. Med denne tildelingsrunden ønskjer regjeringa å bidra til å halde oppe dette mangfaldet.

Havbruk har innverknad på miljøet, og løyve til havbruk inneber at styresmaktene godtek ein viss påverknad på det omliggande miljøet. Fiskeri- og kystdepartementet legg stor vekt på at denne påverknaden skal vere så liten som mogleg, og at havbruksnæringa i alle tilfelle skal vere miljøforsvarleg. Regjeringa har i arbeidet med denne tildelingsrunden, både når det gjeld talet på løyve og den geografiske fordelinga, lagt vesentleg vekt på miljømessig berekraft.

Framfor komande tildelingsrunde vil Fiskeri- og kystdepartementet samarbeide med Miljøverndepartementet om eit heilskapleg fagleg grunnlag og utvikle kriterium for lokalisering som skal styrkje omsynet til berekraft og omsynet til villaksen.

3. NÆRARE OM FORSLAGET

3.1 Talet på løyve

Fiskeri- og kystdepartementet tek sikte på å tildele 65 nye løyve i 2009. Fem av dei går til søkjarar som ønskjer å drive økologisk produksjon. Løyva er avgrensa til 780 tonn maksimalt tillaten biomasse (MTB), med unntak for løyve som blir tildelte i Troms og Finnmark. Her blir avgrensinga på 900 tonn MTB, jf. forskrift av 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften) § 15. Bakgrunnen for skiljet mellom MTB i Troms og Finnmark og resten av landet er konkurranseulempene i denne delen av landet, så som lengre avstand til marknaden og lengre produksjonstid på grunn av låge sjøtemperaturar.

I utkastet er det ikkje lagt eit øvre tak for kor mange løyve ein søkjar kan tildelast. Omsynet til fordeling av løyve på fleire aktørar kan likevel tilseie at det bør innførast eit slikt tak. Departementet ønskjer høyringsinstansane sitt syn på dette.

3.2 Geografisk fordeling

Den geografiske fordelinga går fram av utkastet til forskrift § 3. Løyva vil i denne runden bli tildelte fylkesvis og bli fordelte slik:

Fiskeridirektoratets regionar	Talet på matfisk-løyve i dag	Fylke	Fordeling av dei nye løyva
Finnmark	83	Finnmark	7
Troms	86	Troms	8
Nordland	144	Nordland	15
Trøndelag	147	Nord-Trøndelag	7
		Sør-Trøndelag	8
Møre- og Romsdal	103	Møre og Romsdal	5
Vest	233	Sogn og Fjordane	5
		Hordaland	5
Sør	80	Resterande kystfylke	0
Økologiske			5
Totalt	876		65

3.3 Vederlag

Løyve til oppdrett blir i dagens marknad omsette mellom næringsutøvarar mot betaling. Dersom løyva i utgangspunktet er vederlagsfrie vil verdien av løyva tilfalle den som omset dei i andre hand – og ikkje fellesskapet. Det er rimeleg at verdien av løyva i hovudsak går til fellesskapet og ikkje til den som blir tildelt den særretten eit løyve er. Det er teke vederlag i alle tildelingsrundar sidan 2002, og dette blir vidareført i denne runden. Vederlaget går til staten.

Det står i utkastet til forskrift § 8 kor stort vederlaget skal vere. Løyva blir tildelte mot eit fast vederlag. Vederlaget er 3 millionar kroner per løyve i Finnmark og 8 millionar kroner i resten av landet. Det gjeld både for dei ordinære og dei økologiske løyva.

I § 6 i forslaget går det fram at søkjarar som vil delta i konkurransen må dokumentere økonomisk evne til å betale vederlaget til staten. Dette vil medverke til at berre dei som har tilstrekkeleg finansiering søkjer, og at saksbehandlinga blir meir effektiv.

3.4 Kriterium

3.4.1 Innleiing

I følge § 6 i utkastet til forskrift vil utveljinga av søkjarar skje etter ein søknadskonkurranse der det i prioriteringa særleg blir lagt vekt på følgjande kriterium:

- Mindre aktørar i næringa.
- Søkjarar som vil leggje til rette for auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg.

Kriteria går inn i ei samla vurdering og er dermed ikkje meint å vere kumulative eller uttømmande. Det blir understreka at kriteria ikkje utelukkar nokon frå å søkje, men om, eller i kva grad, kriteria blir oppfylte vil ha vekt i spørsmålet om søkjaren vil nå opp i konkurransen om løyva.

3.4.2 Særleg om "mindre aktørar i næringa"

Formålet med kriteriet er å styrkje små og mellomstore verksemdar innanfor havbruksnæringa, og dermed medverke til å halde oppe ein variert eigarstruktur.

Ein "aktør" er i denne samanhengen ein søkjar og selskapet til søkjaren. Dersom selskapet er ein del av eit konsern, er det konsernet som blir rekna som "aktør". Difor må ein opplyse i søknaden om ein tilhøyrrer noko konsern. Kva som utgjer eit konsern følgjer av rekneskapslova § 1-3.

Omgrepet "i næringa" inneber at det berre er aktøren sine løyve til laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn som skal takast med i vurderinga.

"Mindre aktørar" skal i forskriftas forstand tolkast som det som blir kalla små og mellomstore selskap i "Økonomiske analyser akvakultur 2007" utgitt av Fiskeridirektoratet, dvs. aktørar med inntil 19 løyve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure. Ei verksemd som ikkje har løyve frå før vil vere omfatta av omgrepet. Fiskeri og kystdepartementet ber om høyringsinstansane sitt syn på denne avgrensinga.

3.4.3 Særleg om "søkjarar som vil leggje til rette for auka bearbeiding..."

Den sentrale delen av kriteriet vil vere søkjaren si evne og søkjaren sin uttrykte vilje til å medverke til *"auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg"*. Formålet med kriteriet er å medverke til auka verdiskaping og sysselsetjing i område langs kysten med fråflytting og nedgang i talet på innbyggjarar.

Utrykket *"bearbeiding"* skal forståast vidt. Det kan omfatte både slaktning, vidareforedling og anna bearbeiding. Vidareforedling, dvs. bearbeiding som skjer ut

over slakting, vil vege tyngre i ei vurdering enn berre slakting. Uttrykket omfattar både eksisterande og planlagd bearbeiding, både i og utanfor fylket eller regionen til løyvet det er søkt om. Det er ikkje nødvendig at søkjar sjølv eig verksemda som skal bearbeide produkta.

Uttrykket "kystdistrikt" skal forståast på same måte som kystkommunar innanfor verkeområdet for differensiert arbeidsgjevaravgift. Dette inneber at dersom det skal leggjast vekt på auka økonomisk integrasjon i kystdistrikta etter dette kriteriet, må den økonomiske integrasjonen vere planlagd å skje i eit av desse områda. Ein tabell over aktuelle kystkommunar er med i merknadene til § 6.

Spesielt for Vestlandet – stimulering til å endre lokalitetsstrukturen

Av utkastet til forskrift § 6, 5. ledd følgjer det at innanfor den såkalla PD-sona vil det, i tillegg til dei andre kriteria, gjelde eit prioriteringskriterium om å bruke tildelinga aktivt til å stimulere til å endre lokalitetsstrukturen for å lette nedkjempinga av pankreassjukdom (PD). PD-sona er eit område som omfattar fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal nord til Hustadvika, jf. forskrift av 20. november 2007 nr. 1315 om sone for å hindre smitte og bekjempe pankreassjukdom hos akvakulturdyr (PD-forskriften).

Det ønska resultatet kan til dømes vere innføring av såkalla branngater (større avstandar mellom bestemte anlegg eller grupper av anlegg) eller innføring av større avstand til farleier for brønnbåtar, slakteri og andre aktørar.

3.5 Økologiske løyve

Fiskeri- og kystdepartementet ønskjer å utvikle og stimulere til økologisk havbruksproduksjon, og ser på dette som ein interessant produktasje med ein veksande marknad. Fem av løyva i denne tildelingsrunden er difor øyremerka søkjarar som ønskjer å drive økologisk havbruk.

Dei fem løyva til økologisk havbruk er i utgangspunktet ikkje bundne til fylke eller region. Det betyr at dei også kan tildelast i fylke innanfor Fiskeridirektoratet Region Sør. Tildelte løyve blir på vanleg måte knytt til den regionen der dei blir etablerte, og det er ikkje høve til å flytte løyva ut av regionen etter at Fiskeridirektoratet har skrivne ut løyvedokumentet.

Til skilnad frå landbrukssektoren, har vi i dag ikkje eit offentlegrettsleg regelverk for økologisk havbruksproduksjon. Dei økologiske havbruksprodusentane brukar difor Debio sin private standard eller andre økologiske merke - avhengig av kva marknad produsentane vender seg til.

EU har vedteke ei ny rammeforordning for økologisk produksjon som gjeld frå 1. januar 2009. Eit av dei nye elementa i regelverket er økologisk havbruk. Forordninga vil

innebere ei delvis harmonisering av merkeordningane for økologisk havbruksproduksjon då ho set ein minstestandard som gir rett til å nytte EUs økologimerke. Økologisk produksjon er omfatta av EØS-avtalen, og vi legg difor opp til å implementere forordninga i norsk rett gjennom ei ny økologiforskrift. Dette vil etter planen skje sommaren 2009.

For å tilfredsstille vilkåret om økologisk drift, må innehavar – før EU-regelverket er implementert i norsk rett – vere sertifisert etter Debio sin standard for økologisk havbruksproduksjon eller tilsvarende standard. Minimumskravet er at standarden er i tråd med EUs økologiforordning (EU) 834/2007. Når den nye økologiforordninga er på plass, vil det å oppfylle vilkåret om økologisk produksjon bli knytt til sertifisering etter økologiforskrifta. Fiskeri- og kystdepartementet viser til at departementet 18. desember 2008 sende på høyring ”forslag til forskrift om anerkjennelse av private standarder for sertifisering av økologisk akvakulturproduksjon.” Forskrifta vil opne for å marknadsføre og merke havbruksprodukt som økologiske i EU, dersom dei er sertifiserte etter standarden til Debio eller eventuelle andre godtekne standardar. Ordninga vil gjelde fram til EU sine detaljerte produksjonsreglar trer i kraft. Høyringsbrevet med vedlegg er tilgjengeleg på internett <http://www.regjeringen.no/fkd> under saker på høyring.

Det er ikkje eit krav at søkjar må vere sertifisert på søknadstidspunktet, og heller ikkje til at søkjar har pågåande produksjon. Dette blir gjort for også å opne for nye produsentar av økologisk laks, aure og regnbogeaure.

Departementet har vurdert om det skal vere høve til å starte produksjonen før det ligg føre sertifikat for økologisk produksjon, jf. merknadane til § 7, 2. ledd. Dersom det er krav om sertifikat vil det forseinke starten av drifta, men styresmaktene vil ha godt høve til å føre kontroll med at løyva blir nytta slik dei skal. I motsett fall kan det oppstå situasjonar der oppdrettaren kan produsere til dels store kvanta som ikkje er produserte økologisk, og selje med stor fortjeneste, før den endelege tidsfrist for sertifisering. Ei slik framferd vil styresmaktene møte med sanksjonar. Fiskeri- og kystdepartementet ber om høyringsinstansane sitt syn på denne problemstillinga.

3.6 Søknadsprosessen

Det går fram av Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreforma), at tildelinga av det enkelte havbruksløyve skal flyttast til regionalt folkevalt nivå, Fylkeskommunane si nye rolle frå 2010 vil ikkje endre rolla til dei statlege fagetatane (Mattilsynet, Kystverket og Fylkesmannen) i behandlinga av nye eller større lokalitetar. Desse etatane vil, som før, ta omsyn til fiskehelse og -velferd, sjøvegs transport og areal, og forureining og utslepp.

Som følgje av forvaltningsreforma vil fylkeskommunane få ei rolle i tildelingsrunden i 2009. Konsultasjonen vil innebere at den aktuelle fylkeskommunen, jf. pkt. 3.2. lenger

framme, uttalar seg om næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen, medrekna kvar i fylket det er ønskjeleg med meir oppdrettsverksemd, jf. forslaget § 6, 2 ledd. Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast.

Eit løyve til havbruk består av ein rett til produksjon av ein bestemt art i eit bestemt omfang på ein gitt lokalitet. Det inneber at ei tilsegn om løyve ikkje gjev rett til drift før det er knytt ein lokalitet til løyvet. Dette skjer gjennom å klarere ein ny lokalitet eller knyte løyvet til ein eksisterande lokalitet. Ei tilsegn om løyve gjev ingen *rett* til å få utvida ein eksisterande lokalitet eller klarert ein ny. Klarering av nye og/eller utviding av eksisterande lokalitetar vil følgje vanleg prosedyre for denne typen søknader jf. omtale av prosedyren m.a. i Ot.prp. nr 61 (2004-2005) om lov om akvakultur.

Departementet viser til at det gjennom prosedyren ved klarering av nye og/eller utviding av eksisterande lokalitetar mellom anna blir teke omsyn til miljø, fiskehelse, fiskevelferd og areal, medrekna verneområde, friluftsinteresser, tilførsel av næringssalt, spreining av fiskesjukdommar og ville bestandar av sjøaure og laks. Dei aktuelle reglane finst i akvakulturlova og matlova med tilhøyrande forskrifter. Meir om dette på www.fiskeridir.no og www.mattilsynet.no. Sjå også § 9 med merknader om gebyr.

Ved vanleg søknadsbehandling må søkjarane betale eit søknadsgebyr på kr 12 000,-, jf. forskrift av 21. desember 2001 nr. 1597 om gebyr og avgift i samband med havbruksverksemd § 2 første ledd. Departementet legg til grunn at dette også skal gjelde i denne tildelingsrunden, jf. utkastet til forskrift § 9. Søknadsgebyret utgjer ein svært liten del av kostnadene med å søkje og å få løyve, men kvar søknad vil påføre fiskeristyresmaktene ekstra arbeid.

4. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

Inntektene for løyva er lagt inn i statsbudsjettet for 2009, jf. St.prp. nr. 1 (2008-2009) Tillegg nr. 4 med 485 millionar kroner. Av dette får dei aktuelle fylkeskommunane eit tilskot på inntil 195 millionar kroner. Det utgjer 3 millionar kroner per løyve. Forslaget vil føre til auka saksbehandlingsbyrde hos Fiskeridirektoratet og - etter kvart ved lokalitetsklareringane - også hos andre offentlege etatar som dette vedkjem, så som Mattilsynet, Kystverket - miljøavdelinga hos Fylkesmannen og hos kommunar som sakene vedkjem. Forslaget vil i ein avgrensa periode føre auka saksbehandling knytt til oppdrettsløyve i fylkeskommunane. Det er ein føresetnad at kostnadene blir dekte innanfor dei tildelte rammene.

Saka vart handsama i Stortinget 11. desember 2008, jf. Budsjettinnst. S. nr. 8 (2008-2009) og St.prp. 1 (2008-2009) Tillegg nr. 4. Ut over dette er det ikkje venta at forslaget har økonomiske og administrative konsekvensar for forvaltninga.

For næringslivet vil dei økonomiske og administrative konsekvensane vere knytt til arbeid med av søknad og betaling av ulike gebyr til det offentlege.

Havbruk har innverknad på miljøet og løyve til havbruk inneber at styresmaktene godtek ein viss påverknad på omkringliggende miljøet. Etablering av 65 nye løyve ligg etter departementet si meining innanfor det som er miljømessig akseptabelt. Dei nærare verknadane løyva har på miljøet blir tekne vare på gjennom lokalitetsklareringane.

Høyringsbrevet med vedlegg er også gjort tilgjengeleg på internett <http://www.fkd.dep.no/fkd> under saker på høyring.

Med helsing

Kari Bjørbæk
avdelingsdirektør

Christopher Grøvdal Rønbeck
rådgjevar